

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Vikefjord

Emne: Brynet

Bygdelag: Vikefjord

Oppskr. av: Kils Lovland

Gard: Lovland

(adresse): Vikefjord

G.nr. 53 Br.nr. 10

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

f. 7/10-1888 Vikefjord gardbr.  
og fiskar

## SVAR

1. Her i bygda segjer vi bryne og hein. Bit bryne. Ein hein. Om sjølve arbeidet segjer vi å bryna, men vi segjer like ofte å kvetja. Bit dome: Du må kvetja gjær din so han vert kvass. Hein som er av eit mjukare steinslag enn brynet vert like brukt her.
2. Dei siste 15 til 25 åra er her meir å meir kome i bruk bryne av krusstein. Det er av den sorten som er kalla slåmaskinbryner i forretningane. Vi kallar dei ofte for smergelbryner, og brukar dei no til gjær og andre bitjær. Her finns ikkje stein i bygda som er brukande til bryne. Eg har sett litegrand stein som var brukande til hein. Dei måtte sluttast og pussast so dei vert brukande. Men både bryne og hein måtte kjøpast utan bygds. Tuleg kom dei frå ymse kantar. Eg har vist høyst gjete Vassebygner.
3. Både gjær og andre bitjær vert



slipte på rund slipestein, og etter på brynte med bryne. Flate eller liggjande slipesteinar har eg ikkje høyrst gjete. Til å kvetja høvletenner, knivar, tusslag og stengjarn m. m. brukast ofte heim, eller bryne som er sers gode.

4: Eg har tala med folk dei er døde no som påstod dei hadde både sett og slege med tynsleljåar. Ljåar og sigdas vart og vort kveste på same måte. Eg trur slipeljåar kom i bruk her for ca. 100 år sidan. Lovidt eg forstod dei gamlingane eg tala med om tynsleljåar, så var dei tinnare og ledugare enn slipeljåarne. Tynsleljåarne heita dei å kamsa dei, så eggja vart so tinnar at dei greiddo å kvetja dei kvasse med brynet. Eg trur ikkje dei alltid brukte særskilde amboltar, men eg har høyrst gjeite dragstest, uttale: dragsteste. I slattevirna var det helst om laurdagane dei tynste ljåarne. I den tida var vel dei fleste føre til å gjera dette arbeidet. I miegreider hadde dei også på kvart gards bruk so å seija. Men gardsnamn som Truetunet tyder på at der også var faste smedjar som arbeidde også åt andre.

6: Har det ikkje var eller er råd å få ljåar til å bita lengst berre med å bryna den måtte han slepast.

7: Eg har ikkje høyrst at det vart brukt fleire slags bryne til ljåar. Da eg trur ikkje



- trebrynet har vore i bruk. Men dei kan vel ha vore i bruk i eldre tid.
- 8: Ljåen vart ikkje teken av orvet under slipinga. Nye Ljåar vart for det meste slipte fyrr dei vart sette på orv. Under slipinga heldt dei dei eggja i frå seg.
  - 9: Når dei kvakte stultorven stod dei med føterne pålag i kors og så enden av orvet mellom føterne. So heldt dei med ei hand i Ljåen og hadde brynet i høgre handa. hangorven stod med enden av orvet mot markja og han vart brynt på same måten som stultorven.
  - 10: Det vart kalla: brynebutt, brynekopp, kvothalk, kvotkopp og slonka. Dei var laga av tre av horn og av reiver
  - 11: Dei vart laga av bukkehorn og kanskje av kyrakorn.
  - 12: Bak, men helst på sida hengde dei kvothalken.
  - 13: Eg har berre sett ein mann her som brukte kvothalk, som han bar på seg med bryne og vatn i. Eg har også sett brynet vart sett i ein trekopp med vatn i. Koppen flytte dei etter som det høvde, for det var usid å bera denne på seg. So brukar ingen slike greider. Når dei skal bryna stryk dei kanskje brynet i det doggvete grasst eller dei sputtar på det. Når det høvet vater dei gjerne brynet i elu, men for det meste kvet dei med turt bryne.



- 14: Det som fell av bryne og hein når dei kvet kallast her for brynekvot og heinsverte.
- 15: Eg har ikkje høyrst at brynekvot vart brukt mot ringorm.
- 16: Ikkje mot andre sjukdomar heller.
- 17: Eg har ikkje høyrst om nokon forskel eller at brynet vart betru når det låg i maustuva eller i jorda.
- 18: Eg har ikkje høyrst om at brynet talas
- 19: Eg har ikkje høyrst det vart sagt noko sers når dei sputta på brynet.
- 20: Her er ikkje kjent nokre samser eller vises som vart framsegde under kvetjinga.

829

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING